

Biletet er av krusefikset som heng i Arna kyrkje. Det er svært gamalt. Før det kom til Arna hang det i korbuen i Mjeldalen kyrkje på Osterøy. Det var ei trekyrkje frå før 1500-talet som minner mykje om Hamre kyrkje. Mjeldalen kyrkje vart riven i 1863.

Nokon har sagt at krusefikset er frå starten av 1300-talet og stammar frå sørlege Danmark eller nord i Tyskland. Om det er eldre enn Mjeldalen kyrkje, veit ein ikkje noko sikkert om.



HUGS FASTEAKSJONEN


Fasteaksjonen er ein god tradisjon. I tida fram til påske legg ein gåvene sine på fastebørsa. Ver med og hald ein god tradisjon i hevd.

AV INNHALDET

Fasteaksjonen	s. 4
Kyrkjelydsveka	s. 7
Nytt frå kyrkjelydane	s. 10
Forbønsgudsteneste	s. 11
Fleire i kyrkjene	s. 13
Ny ordning for vigsel	s. 14

Jesus er livsens brød

SØNDAG 13. MARS: MIDTFASTE
Joh. 6. 24-36



Før denne teksten står det fortalt at Jesus metta 5000 menn i øydemarka med fem brød og to fiskar. Alle vart mette, og dei samla saman 12 korgar av det som var att etter måltidet. Jesus gjorde eit mektig under. Folket såg maten i underet, men dei skjønna ikkje at her greip Gud inn gjennom Menneskesonen. Dagen etter leita desse menneska etter Jesus. Då seier Han som såg inn i hjarta deira: «Det er ikkje fordi de såg teikn at de leitar etter meg, men fordi de åt av brødet og vart mette. Arbeid ikkje for den maten som forgår, men for den mat som varer og gjev evig liv, den som Menneskesonen skal gje dykk.»

Jesus veit at lekamen vår treng mat, men Han veit og at vi har ei udøyleg sjel som må ha næring om ho skal leva. Det vil Han gje. Han seier: «Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje svelta, og den som trur på meg, skal ikkje tyrsta.»

Du og eg treng dette brødet for å leva. Vi treng Jesus. Vi treng dagleg tilgjeving for alt vi syndar mot Gud og menneske. Vi treng hjelp og styrke på livsvegen. Jesus gjev seg sjølv til oss i ordet og Nattverden. Der møter han oss og fortel oss at skulda vår er sona. Vi får vere Guds born fordi Han har stroke ut synda vår då han døydde for oss på Golgata. Difor er bønvegen open for oss fram til Gud, Han som sit på nådens kongsstol.

Kva gjer det om tanken min ikkje skjønar dette underet? Jesus seier at det er slik, og trua får gripe tak i dette. Det gjer meg trygg, og eg ser med von mot framtida. Og eg kan seie med Asaf i Salme 73: «Eg vert alltid verande hjå deg. Du har gripe mi høgre hand. Du leier meg med ditt råd, og sidan tek du meg opp i herlegdom.»

Arne Håøy.

Storfamiliegudstjeneste

Ytre Arna sokneråd drøfta planar om ei kyrkjelydsveke. Det viste seg at det var mange aktivitetar i gang og vanskeleg å finna ei tid som høvde. Komiteen som arbeidde med dette kom då fram til at ein i staden ville samla seg for å gjera noko ekstra i samband med andre samlingar som alt var fastsette. Desse samlingane vart fellesmøtet på bibeldagen, ungdomsgudstenesta 14.2 og gudstenesta 13.3.

Gudstenesta 13.3. vert difor noko annaleis enn vanleg. Alle kora i kyrkja medverkar, og songinnslag vert let difor rikeleg av. Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi i Kyrkjelydshuset der det vert eit enkelt program. Denne gudstenesta kjem og i staden for «Heile kyrkjelyden syng», og difor ser ein fram til at mange tek vegen til kyrkja den dagen.

Musikkandakt

Langfredag kl. 19.00 vert det musikkandakt i Arna kyrkje. Der medverkar Arnfinn Haram, diktlesning og song, og Asbjørn Flåm, orgel.

Arnfinn Haram, sokneprest i Loddefjord, vil bl.a. lese dikt av Sunnmørsdiktaren Arnold Eidslott og vil syngje ein avdeling med norske folketonar.

Musikkandakten vert arrangert i samanheng med påskefestuka 88. Vel møtt.

Årsfest i kyrkjelyden

Arna sokneråd skipar til årsfest i Tunes bedehus søndag den 10.4. kl. 18.00. Det vert tale av sokneprest Arnfinn Haram frå Loddefjord, song og musikk og – som det høver seg på ein fest – servering.

Sjølv om årsfesten er lagt til Tunes er det likevel tenkt som ein fest for heile kyrkjelyden. I bilen sin tidsalder skulle det vere mogleg for dei fleste å ta seg fram dit. Tunes bedehus ligg på høgre sida av vegen like før Takvam.

Fellesaksjon i Arna

I lengre tid har det vore arbeid med å få til ein felles møteaksjon der dei ulike forsamlingane i Arna er med. Dei som har vore med på drøftingane er Arna misjonsmenighet, Den frie evangeliske forsamling Bethel, Pinsemenigheten Salem og Arna sokneråd.

Tidspunktet for aksjonen er fastsett til 4.-11. september 1988. Talarar og songarar ved aksjonen vert songevalistane Arna Gundersen og Egil Solheim frå Den frie evangeliske forsamling og forkynnar Emanuel Minos frå Pinsemenigheten.

Fellesmøtet på Bibeldagen

Fellesmøtet på Bibeldagen i Arna kyrkje vart også dette året eit fint samvær med godt frammøte. Domprost Nils Monstad talte og det var song av «Sykemisjonen» frå Tabernaklet i Bergen. Under møtet vart det ofring til Bibelmisjonen og det kom inn vel kr. 4000,-.

Et rekord-år for det bibellesende Sovjet

I år feires 1000-års jubileet for kristendommens komme i Sovjet. Samtidig lager sovjet-myndighetene en historisk åpning for bibelspredning i landet. 300.000 bibler og bibelkommentarer trykkes i, eller importeres til Sovjet i løpet av 1988. Deriblant 10.000 eks. av en eldre russisk bibelkommentar i tre bind som er skaffet til veie gjennom et samarbeid mellom Bibelselskapet og Misjon Bak Jernteppet, med støtte fra kristne i andre nordiske land. (Frå Kirkeaktuelt)



BIBELN OPEN FOR ALLE



Kvifor fasteaksjon?

Fastetida er tida for refleksjon og sjølvransaking. Det er tida for å gå i seg sjølv og tone sinnet til påska sitt store mysterium. I vårt kavande «underhaldningssamfunn» blir det i dag lagt for lite vekt på ettertanken sin stille refleksjon. Diverre gjeld det også i kyrkjelydssamanheng.

Vi i Kirkens Nødhjelp er opptekne av å peike på kor nødvendig det er å la refleksjonen få innpass i våre sinn. Samtidig vil vi åtvare mot faren for fruktlaus sjølvfokusering, og i staden oppfordre til refleksjon ikkje minst rundt Kyrkja si diakonale oppgåve og ansvar i ei lidande verd.

Vi møter den lidande Kristus att i kvart lidande menneske på jord. «For eg var naken og du kledde meg ikkje — eg var svolten og du gav meg ikkje å ete....»

Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon er vår utfordring til kyrkjelydane om å

gå den lidande Kristus i møte. Fasteaksjonen gir den enkelte moglegheit til gjennom konkret handling å vise at det kristne diakonale ansvar blir teke på alvor.

Vi oppfordrar deg derfor til å støtte opp om dei ulike arrangement i din kyrkjelyd i samband med Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon 1988.

5000 kroner skaffer en familie fra slummen i Mellom-Amerika et nytt hjem.



Postgiro 100
Bankgiro 100

KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

Fasteaksjonen i Arna

Saman med dette nummeret av Kyrkjelydsbladet vert fastebøssene levert ut til alle. Det er då viktig at desse bøssene vert brukt og levert. Denne innsamlinga er ein av grunnpillarene i Kirkens Nødhjelp sitt innsamlingsarbeid, og vi veit og at det er til hjelp for mange.

Bøssene bør leverast innan midten av april, og det er ei rekkje stader ein kan få ordna dette. Ved begge postkontora og ved alle gudstenester i kyrkjene vil ein kunna få levert fastebøssa. Som tidlegare år kan dei og leverast til Sparebanken Vest og Vestlandsbanken sine filialar i Indre Arna, Ytre Arna og på Lone. Gåver kan og sendast direkte til Kirkens Nødhjelp, Underhaugsv. 15 Oslo 3 på postgiro 5201405 eller bankgiro 6046.30.09530.



**KORSETS
GÅTE**

At Kristi død på krossen er avgjerande for vårt tilhøve til Gud, er det mange som støyer seg på. Så seier Paulus at ordet om krossen ter seg som ein dårskap for menneska (1 Kor. 1.18). Men også for dei truande er krossen ei gåte og ein løyndom som dei ikkje kan sjå til botnar i.

Men om vi ikkje kan skjønne mysteriet i krossen fullt ut, bør det likevel vere ein djup og heilag trong for oss å sjå stendig djupare inn i løyndomen. Det seier professor Ole Modalsli, lærar ved Menighetsfakultetet 1962-83, i si nye bok.

Det spørsmålet som Modalsli har vore oppteken av i ei årrekkje, er kvifor det var naudsynt at Jesu skulle dø under Guds vreide. Var det for di Gud for sin eigen del ikkje kunne tilgje menneskets synder utan eit offer? Nei, meiner Modalsli. Jesu død var naudsynleg for di Gud måtte ta synda si krenkjing av medmennesket alvorleg. Det er altså på medmenneskets vegner Gud er vreid. På denne måten vil Modalsli berge det etiske gudsbiletet.

Det er klart at Modalsli her peikar på noko vesentleg i Bibelens bodskap. Men vi meiner vi likevel må hevde at forsoninga har med synda som synd mot Gud å gjere, og at Jesu død f.o.f. syner oss kva Gud må ofra for vår krenkjing av han sjølv.

Alle interesserte skulle kunne lese Modalslis bok og få stoff til eiga gjenomtenking av det store spørsmålet for trua som forfatteren reiser.

Arve Brunvoll

Ole Modalsli: «Korsets gåte. Om Jesu døds betydning», Verbum. Oslo 1987.

5000 kroner skaffer en familie fra slummen i Mellom-Amerika et nytt hjem.



Postgiro 100
Bankgiro 100

KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

150 kroner er nok til mat for en familie i Etiopia i én måned.



Postgiro 100
Bankgiro 100

KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

YNGSTE RØYSTER 10 ÅR



Søndag 21. februar feira Yngstes Røyster i Ytre Arna 10-års jubileum med eit fullsett bedehus. Koret hadde si første øving 13. februar 1978, og det er mange som har vore innom i desse åra. I periodear har koret hatt opp mot 120 medlemmar i alderen 3-10 år.

I dag er det rundt 40 medlemmar, og dei var sjølvstygge med og song på jubileumsfesten.

Hovudleiaren Liv Stein og dei andre hjelparane hennar har i desse åra lagt ned eit stort arbeid til glede for mange born og vaksne i Ytre Arna.

En uoppdaget ressurs?

Bladet **Vi foreldre** skulle være kjent for mange, men ikke mange nok! Redaktøren, Julie Eckhoff, som også er hjem/familiekonsulent ved IKO, forteller:

— Vi foreldre tar opp aktuelle spørsmål omkring barn og familie fra et kristent ståsted. Vi forsøker å vise noe av helheten i familielivet, ikke bare det perfekte glansbildet med vellykkede foreldre og barn. Det er lov å ha det vanskelig og tøft i perioder. Ved å vise at andre sliter med de samme vanskene, kan bladet kanskje gi foreldre frimodighet til å arbeide videre med sin situasjon. Samtidig skal ikke de daglige problemer overskygge gledene og de positive sidene i et familieliv. Gjennom **Vi foreldres** temanummer forsøker vi å se temaene fra forskjellige vinkler, slik at flest mulig kan finne noe aktuelt for seg.

— *Hvem ønsker du å nå gjennom **Vi foreldre**?*

— Først og fremst foreldre — det ligger jo i bladets navn. Men **Vi foreldre** kan brukes av mange fler, f.eks. menigheter, skoler, barnehage og helsestasjoner.

— *Hvilke planer har du for fremtiden?*

— Temaer i kommende nummer blir Barn og menighet (2/88), Glede (3/88), Ensomhet og angst (4/88) og Livskvalitet (5/88). Vi håper jo på flere abonnenter. Med bedre økonomi får vi større rammer til å lage et enda bedre blad. En fremtidsdrøm er å kunne utvide til 6 nummer i året. Som redaktør er jeg interessert i kontakt med leserne, og jeg vil oppfordre folk til å komme med respons, bidrag og ønsker til bladet. (Frå **IKO**-nytt)

TA EIT TAK FOR KYRKJELYDSHUSET

Byggjenemnda er no i arbeid for å reisa Kyrkjelydshuset —. Skal ein gjennomføra det med dei midlar ein har til rådvelde, må det mykje dugnadsinnsats til. Når gravearbeidet tek til, trengs det mange til å gjera ulike oppgåver. Her er bruk for alle som vil, og ein treng ikkje ha noko røynsle frå byggjearbeid for å melda seg.

Arbeidsoppgåvene er slik at alle vil kunna få noko å gjera som høver for dei, og difor er det plass for kvinner og menn, unge og eldre.

Byggjekomiteen vil alt no gjerne ha kontakt med dei som kan gje ei hjelpande hand. Difor ber dei om at ein melder seg til dei og gjerne seier om det høver best på laurdagar, kvardagskveldar eller på vanleg dagtid. Ein kan då ta kontakt med Kyrkjekontoret tlf.: 24 04 00, byggjeleiaren I

n
golf Froestad 24 86 71 eller med medlemmane i byggjenemnda:

Ingmar Ljones	24 15 94
Erling Osland	24 09 19
Eirik Paul Fjørtoft	24 03 54
Egil Tunes	24 69 65
Øyvind Øy	24 02 72

Årsfest i Ytre Arna kyrkjelyd

Søndag 21. februar inviterte soknerådet til Årsfest i kyrkjelyden. Festen tok til med ei enkel samling i kyrkja med andakt og song av kyrkjekoret. Soknerådsformann Nils Kåre Olsen leia festen og la fram rekneskapen for soknerådet og kyrkjelydshuset. Drifta av kyrkjelydshuset hadde gått med underskot dette året på grunn av nyinvesteringar, men soknerådet hadde midlar til å dekkja dette. Kyrkjeringen si utlodning er ei viktig inntektskilde for kyrkjelydshuset, og på festen var det trekning av dette under god leiding av kyrkjeringen. Mange fi-

ne gevinstar var gjevne, og det kom inn noko over 6.000 kr.

Sollaug Damminger las opp årsmeldinga for soknerådet og den gav eit godt oversyn over arbeidet i kyrkjelyden.

LAGERET TØMMES

— Vi satte en formidabel salgsrekord i 1979 da den nye bibeloversettelsen kom ut. Drøyt 99.000 bibler ble solgt det året.

Ifjor solgte vi like mange bibler, pluss ca. 5.000 eks. av den nye barnebibelen. Omsetningen av bibler, nytestamenter og bibeldeler her i landet økte med 80% fra 1986 til 1987!!

Dette sier en begeistret generalsekretær i Bibelselskapet, Ole Chr. Kvarme. Han medgir at den nye salgskorkoden kom overraskende.

Informasjonssjef Dag Kjær Smemo i Bibelselskapet mener aksjonen «Bibelen åpen for alle» har æren for Bibelselskapets fine resultat. I 1986/87 investerte Bibelselskapet seks-syv millioner kroner i denne aksjonen, og regnskapet for 1987 viser at investeringen har vært lønnsom. Men informasjonssjef Smemo er ikke først og fremst opptatt av økonomi.

— Vi fikk et klart bevis på at folk er interessert i Bibelen. Det visste vi for såvidt fra før av, men i 1987 opplevde vi stadig at folk benyttet anledningen og «avduket» sin nyssgjerrighet på Bibelen, sier Dag Kjær Smemo.

«Paperback-bibelen» var Bibelselskapets største salgs-suksess i 1987. Den ble solgt i omkring 40.000 eks. (Frå Kirkeaktuelt)

500 kroner gir skolegang i ett år for et barn i Calcutta.



Postgiro 100
Bankgiro 100

KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

Kyrkjelydsveka 13.-20. mars

Søndag 13. mars

Kl. 11. Familiegudsteneste

Lone skulemusikk deltek saman med skuleborn frå Unneland. Vi får besøk av «Tirs-dagsklubben» frå Unneland. Sokneprest Øy leiar gudstene-sta og talar.

Søndag 13. mars

Kl. 19. Lovsongkveld

Denne kvelden vil vi legge spe-sielt vekt på frisk og god song. Ungdomskoret «Koinonia» frå Storetveit menighet vert med oss saman med «Prosjektko-ret», eit kor som Asbjørn Flåm starta sist haust. Res.kap. Sundsbø leiar lovsongkvelden og held andakt.

Lørdag 19. mars


Kl. 10: Barnekorseminar.

Fleire kor er inviterte til å vera med på seminaret. Dei skal øve inn «Den rike mann og Lasarus» av Egil Hovland. Stykket vart første gong framført ved barnekorfestivalen i Molde sommaren 1987. Seminaret vert i Arna bedehus.

Lørdag 19. mars

Kl. 16.00: Barnekorkonsert

Arna barnekantori
Ytre Arna barne- og ungdoms-
kor
Haus barnekor
Bergen korskole



Audun Aase

Tirsdag 15. mars kl. 19.30:

Sokneprest Aase: «Ta imot kvarandre liksom Kristus tok imot oss.»
Song av Arna Ten Sing.

Onsdag 16. mars kl. 19.30:

Prost Per Fimreite: «Be for kvarandre».
Korsong.

Torsdag 17. mars kl. 19.30:

Forbøns-gudsteneste v/prost Per Fimreite og sokneprest Øyvind Øy.
Song av Arna kyrkjekor.



Per Fimreite

Desse tre samværa er knytte til kvarandre under temaet omsorg og forbøn. Vi vil understreke det ansvaret vi har for kvarandre som menneske og som kristne. Spesielt vil vi framheva bøna og forbøna sin plass i kyrkjelyden. Per Fimreite er sokneprest i Os og Audun Aase er den nye soknepresten i Samnanger. Dei er begge aktivt med i Oaserørsla.

Fredag 18 mars kl. 17.00: Eldretreff

I fjor hadde vi vitjing av Laksevåg pensjonistkor under leing av Rolf Aardal. Det var så vellykka at vi vende oss til dei også dette året og dei ser fram til å koma til Arna att. Det er også ei glede at domprost Nils Monstad vil halde andakt.

Lørdag 19. mars

Kl. 19.30 Ungdomskveld

Angeltveit musikklag
Allsong leia av ei gruppe frå Arna Ten sing med orkester.
Andakt
Samling i kyrkjestova etterpå

Søndag 20. mars

Kl. 11.00 Høgmesse med nattverd

Ei gruppe organisert av Kyrkjelydsskulen har førebudd denne gudstenesta og har spesielt arbeidd med salmevalg og forkynning i gudstenesta. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi.

Søndag 20. mars

Kl. 19.00 Avslutningsmøte.

Prost Kåre Mestad: «Ten Herren med glede».
Kåre Mestad er prest i Alversund. Han er arnabu, og vi ser fram til å høyre han. Vi får og vitjing av eit stort ungdomskor frå Frekhaug denne kvelden, Sagstad ungdomskor.

Generelle opplysningar

Skyss:

Dei som treng skyss, kan ringe: Inger Kippersund tlf. 24 11 67
Ingrid Hope tlf. 24 08 08
Arna kyrkjekontor tlf. 24 04 00

Det vert bønesamvær i Kyrkjestova ½ time før kvart møte.

På alle samvær vert det offer eller kollekt.

Når ikkje anna er nemnt, vert samværa i kyrkja.

VELKOMEN TIL KYRKJELYDSVEKE!

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 03.01: Kjersti Skjelbreid, Kathrine Berg.
17.01: Ida Håheim Nævdal, Even Nævdal Hansen, Dan Inge Herfindal.
07.02: Malin Fossdal, Jeanett Herdlevær Kjernlie, Tina Therese Teigland, Benedicte Iselin Herdlevær, Christopher Stiansen, René Flatås Mjelde.
14.02: Alexander Solheim, Trude Charlotte Matre, Daniela Grunnreis.
21.02: Kristine Kvam døypt i Dale krk.

Ytre Arna sokn:

- 24.01: Marcel Vågenes Loftås
07.02: Trond Erik Sagstad og Anne Marthe Mjelstad
14.02: Kristine Bernes
21.02: Stig Jahn Simonsen og Lisa Johansen Hestdahl

Ofringar i kyrkjelyden

Arna sokn:

- | | | |
|---------|--------------------------|------------|
| 10.01.: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 1588,- |
| 17.01.: | Israelsmisjonen | kr. 2281,- |
| 24.01.: | Kyrkjelyds huset | kr. 2670,- |
| 31.01.: | Bibelskolen på Bildøy | kr. 3804,- |
| 31.01.: | (Fellesmøte) | |
| | Offer til bibelmisjonen | kr. 4012,- |
| 07.02.: | Ungdommens misjonsaksjon | kr. 2060,- |
| 14.02.: | Kyrkjelyds huset | kr. 1900,- |
| 21.02.: | Misjon bak jernteppet | kr. 2030,- |

Ytre Arna sokn:

- | | | |
|--------|-------------------------------|------------|
| 10.01: | Kristent arb.bl. blinde | kr. 505,- |
| 17.01: | Bibelskolen Bildøy | kr. 1394,- |
| 24.01: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 931,- |
| 31.01: | Det norske bibelselskap | kr. 2782,- |
| 7.02: | Det norske bibelselskap | kr. 1250,- |
| 14.02: | Dei fire diakoniinstitusjonar | kr. 586,- |
| 21.02: | Det Blå Kors | kr. 1023,- |



Vigde

Arna sokn:

- 06.02: Ivar Andersen og Merete Misje.
06.02: Frits Ivarsflaten og Anita Sundal.

Ytre Arna sokn:

- 13.02: Stein Ove Haugen og Wench Rivenes.



Døde

Arna sokn:

- 1987:
27.12.: Birger Martin Iversen f. 1915
1988:
07.01: Kåre Sivertsen f. 1926
07.01: Liv Margunn Brügger f. 1939
09.01: Helga Ross, f. 1891
09.01: Inga Birkeland f. 1902
13.01: Bertha Mjeldheim f. 1913
26.01: Elias Palm Eliassen f. 1900
30.01: Olav Andreas Hovden f. 1947
06.02: Anna O. Borge f. 1899
15.02: Betsy Jordal f. 1929

Ytre Arna sokn:

- 19.01: Georg Johannes Blomdal f. 1905
14.02: Astrid Kalsås f. 1911
14.02: Borghild Frantzen f. 1921
19.02: Mikal Bernes f. 1915



Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:

Arna: 27.3, 3.4, 10.4, 24.4.

Ytre Arna: 31.3, 3.4, 10.4, 17.4.

Ved dåp i Arna kyrkje bør ein ta kontakt med prestekontoret i god tid, då det ikkje alle søndagar er plass for alle som spør. Konfirmasjonssøndagane i mai vert det ikkje dåp.

Presten har ordet



Øyvind Øy

Kyrkjelydsveka

Kyrkjelydsveka i år vert i tida 13.-20. mars. I fleire år har det vore kyrkjelydsveke i Arna kyrkjelyd. Vi har prøvt fleire ulike opplegg for denne veka. Dette året har vi eit opplegg som liknar på det vi hadde i 1987.

Kyrkjelydsveka er eit samarbeidstiltak i kyrkjelyden. Tanken er å lage eit opplegg som gjev konsentrasjon om kyrkjelyden sitt oppdrag og som også opnar utover for å skape ny og utvida kontakt i kyrkjelyden. Vi prøver å nå dette målet ved å legge opp til mange ulike arrangement. Dei fleste arrangementa vert i kyrkja, men vi kjem og til å nytta Arna bedehus. Søndag den 13. mars og søndag den 20. mars har vi vanleg gudsteneste, men begge gudstenestene vil bere preg av at vi vil skape gudstenester på ein ny måte, som vi vonar vil gje god mening. Ein stor del av opplegget er basert på songkrefter, både eigne krefter og songkrefter utanfrå. Første søndagen har vi lovsongskveld og lørdag den 19. er det barnekorseminar med barnekorkonsert i kyrkja. Tirsdag, onsdag og torsdag tar vi opp tema som knyter seg til omsorg og bøn, og vi sluttar denne delen med ei forbønsgudsteneste torsdagskvelden. Vi trur at vi har laga eit opplegg som gjev god mening for alle aldersgrupper og vi vonar at mange vil sjå seg tid til å prioritere fleire av samværa i kyrkjelydsveka.

Sjå nærare omtale av veka ein annan stad i bladet.

Øyvind Øy

Forbønsgudsteneste

I kyrkjelydsveka dette året er det lagt inn ei forbønsgudsteneste. Vi trur det er rett når vi samlast i kyrkjelyden at vi stundom gjev denne sida ved vår tru spesiell understreking. Andre kyrkjesamfunn og forsamlingar utanom vår norske kyrkje, har framheva forbøn langt sterkare enn vi har gjort i vår kyrkje. Bibelen talar om bøn og forbøn som sentrale element i vår kristne tru. Difor er det naturleg at vi lar det stå sentralt også mellom oss.

For ei tid sidan fekk vi i vår kyrkje ei ordning for forbønsgudsteneste som er utarbeidd av Liturgikommissjonen. I samband med nye ordningar for gudstenester og kyrkjelege handlingar, har dei også gjeve oss hjelp til å halda forbønsgudsteneste.

For dei fleste av oss er dette noko nytt, og vi kjenner trong til å prøve oss fram for å finne ut korleis det er naturleg for oss å legge det til rette. I samband med forbønsgudstenesta torsdag den 17. mars vil eg nemne fylgjande:

1. Vi ser gjerne at dei som har noko dei vil vi skal ta fram og be for i gudstenesta, gjev melding om det, gjerne skriftleg.
2. Dersom nokon ynskjer å bli bedt for særskilt, kan det vere naturleg at vi har ein samtale på førehand. Dei som ynskjer det, kan kontakte meg direkte.
3. Under gudstenesta vil det verte høve for dei som ynskjer det, å kome fram til alterringen å bli bedt for.

Vi vonar på denne måten å opne for at Gud i større grad kan virke mellom oss med den kraft han vil skal vere verksam i hans kyrkjelyd.

Øyvind Øy

Fastegudstenester

I fastetida har det vore fastegudstenester ulike stader i kyrkjelydane. Når dette bladet kjem ut, er det desse gudstenestene som står att: Torsdag 17. mars: Arna kl. 19.30. Forbønsgudsteneste v/sokneprest Fimreite og sokneprest Øy.

Tirsdag 22. mars: Ytre Arna kl. 20.00. Sokneprest Øy. Natverd.

MØTE

Arna bedehus

- 18.3: Eldretreff, soknerådet.
20.3: Familiekaffi kl. 17.00
24.3: Eldretreff kl. 17.00
25.3: Fredagssamling kl. 17.30
27.3: Møte kl. 19.00
04.4: 2. påskedag. Møte kl. 19.00
07.4: Nattverdmøte kl. 19.30.
10.4: Møte kl. 19.00 v/Bibelskulen
12.4:
17.4: Møteveke

v/Misjonsambandet. Talar misjonær Rolf Eriksen. Møter hver kveld kl. 19.30, sønd. kl. 19.00. Sang og musikk på alle møtene.

Betania, Lone

- 17.3: Møte v/Misjonsambandet
19.3: Basar v/Borge misjonsforening
20.3: Møte v/Misjonsambandet.
24.3: Møte v/Indremisjonen
26.3: Laurdagssamling kl. 16.00
BUF Ungdomskveld
27.3: Møte v/Indremisjonen
31.3: Skirtorsdag. Nattverdmøte.
4.4: 2. påskedag. Møte v/BUF
10.4: Møte v/Misjonsambandet
14.4: Møte v/BUF
17.4: Eldrefest
19.4:
24.4: Møter v/Samemisjonen

Ytre Arna bedehus

- 15.-
20.3: Møteveke v/Misjonsambandet
24.3: Møte kl. 19.30
1.4: Langfredag. Møte kl. 19.00
10.4: Møte kl. 19.00
17.4: Nattverdmøte kl. 19.00
24.4: Møte kl. 19.00

Sjømannsmisjonsforeningane i distriktet her samlast ved gudstenesta i Ytre Arna kyrkje søndag 10. april. Ved gudstenesta medverkar Ernst Nilsen frå Sjømannsmisjonen og res. kap. Sundsbø.

KYRKJESKYSS

Kyrkjeskysen frå Haukeland/Espe-land fungerer slik:

- 13.03: Ingrid Hope tlf. 24 08 08
20.03: Harald Røsland tlf. 24 08 70
27.03: Magne Mestad tlf. 24 00 14
03.04: Sverre Myklebust tlf. 24 29 05
10.04: Svein Mjelde tlf. 24 28 71
17.04: Ingrid Hope tlf. 24 08 08
24.04: Harald Røsland tlf. 24 08 70

Takk

Kyrkjelydsbladet har fått dette brevet:

Ei stor takk for ordninga med privat kyrkjeskys frå Haukeland/Espe-land! Varm takk til alle som tar oss med! Av og til er dei skuffa fordi me ikkje er fleire. Ring, og kom du òg!

Takksam pensjonist

Leikar til førskuleborn

Diakonutvalet for Arna prestegjeld vil setja i gang føremiddagstreff for småbornsførelde og førskuleborn. Dersom einkvan har leikar dei kan tenkja seg å låna eller gje oss, er vi takksame for det.

De kan venda dykk til Inger Myklebust, tlf. 24 29 05 eller Marta Straume, tlf. 24 17 97.

for Diakonutvalet i Arna prestegjeld
Marta Straume

Dagens smil

Ein kjend sokneprest skulle vitja eit eldre ektepar. Ekteparet hadde det godt med kvarandre, og kona kalla mannen for «engelen min». Presten var godt kjent med dei, og då han ein dag kom på besøk, gjekk han rett inn utan å banka på. Nå hadde mannen i huset gått ut eit ærend, og då kona hørde nokon i trappa, tenkte ho at det var mannen som alt var komen attende. Difor roppte ho halvhøgt: — Er det deg, «engelen min?» — Nei, lydde det frå presten, det er ikkje nokon engel, men vi er i same bransjen.....

Fleire i kyrkjene

«Myten om de tomme kirker er avkreftet», uttalte ein religionssosiolog til avisa «Vårt Land» med grunnlag i statistikken over talet på kyrkjegjengarar i 1987. Statistikken viste at det var 100.000 fleire til stades ved gudstener enn året før. Det samla talet var på rundt 7. mill. menneske, og det gjev eit gjennomsnitt på 107 deltakarar ved kvar gudsteneste i heile landet.

Avisa kunne og fortelja at ingen institusjonar i samfunnet kan visa tilnærma så stort besøkstal som kyrkjene: På fotballkampar i 1. og 2. divisjon, landskampar og cupkampar var talet på tilskodarar under ein million, halvannen million menneske såg teater eller operaførestellingar medan 3 millionar var i eit av dei 500 musea og samlingane i landet.

Det vart gjeve 73.5 millionar kroner i offer til kyrkjene.

I tillegg til desse tala som berre gjeld gudstener, kjem alle andre samlingar og kyrkjelege handlingar som vigslar og gravferder. Langt fleire enn 7 millionar menneske var såleis innom kyrkjene i året som gjekk.

Ser vi på tala for Arna prestegjeld er det og ei positiv utvikling frå året før. Mest tydeleg gjeld det Arna kyrkje. Der var frammetet ved gudsteneste 17556 mot 15159 året før. Det gjev eit gjennomsnitt på 209 ved kvar gudsteneste mot 176 året før.

For Ytre Arna kyrkje viser frammetet ein nedgang frå 4526 til 4262. Likevel var det ein reell auke, då det var færre gudstener dette året enn året før. Gjennomsnittstalet for kvar gudsteneste auka frå 72 til 75 deltakarar.

Mange blir kristne

Mekane Yesus kyrkje i Etiopia er ei av dei kyrkjene som veks med størst fart. I fjor var auken på 59 000 medlemmer, og samla medlemstal er nå oppe i 717 000. I eitt område kunne fire evangelistar fortelje at dei har namn på over 1000 menneske som ynskjer å bli kristne.

Ungdomsarbeidar i Arna Bedehus



Sidan i haust har Marit Hauge arbeidd på deltid blant barna og dei unge i Arna bedehus. Vi spør henne om korleis ho har lagt opp dei ymse aktivitetane.

— Eg gjekk først inn i det arbeidet som alt var i gang. Det er «Barnerøster» som har øving kvar måndag kl. 17.00. «Yngstes» som har møte kvar tysdag kl. 18.00, og «Yngres» som har møte kvar tysdag kl. 19.00.

— Det som er nytt etter at eg tok til, er «Ungdomsklubben» som samlast kvar måndag kl. 19.00 på Bedehusloftet. Ein del av dei over 20 som kjem (28 skrevne medlemmer) har gått tidlegare på yngres, så dette er på ein måte vidareføring av dette arbeidet. Alderen på denne flokken er frå 15 til 18 år.

— Eg opplever det som ei stor utfordring å stå i dette arbeidet. Den sosiale og medmenneskelege kontakten betyr mykje, men det største er å få gi borna og dei unge Guds ord og peika på Jesus for dei. Arbeidet krev mykje, men gir meg svært mykje att, seier Marit til slutt.

Ein kan seia at det er blitt ein ny giv i barne- og ungdomsarbeidet på Arna bedehus dette året.

KONFIRMASJON VÅREN -88

Vi leverer alt i
middager, koldtbord, snitter.

Be om egen brosjyre.

Tlf. 13 34 80 - 13 44 79

Scan
catering co. as

Hardangerveien 21
Midtun Center
5050 Nesttun

Ny ordning for vigsel

Ordninga for gudstenester og kyrkjelege handlingar har vore under revisjon dei siste 10-åra. Det som vel merkast mest tydeleg var då vi fekk den nye ordninga for høgmesse innført. No er turen komen til ordninga for vigsel. Den vart vedteken i Statsråd sommaren 1987, og departementet har fastsett at den skal takast i bruk frå 1. mars.

Det som der vil merkast mest tydeleg er at sjølv inngåinga av ekteskapet no er skilt ut som ein eigen del som det første som skjer. Presten sin tale kjem såleis no etter at dei er ektefolk. Lovnaden er den same som før, berre språket er endra litt.

Det er valfritt om ein vil syngja 2 eller 3 salmar under vigselshandlinga,

men ellers er stort sett dei same bibelord og forbøna med som tidlegare.

Samstundes med den nye ordninga for vigsel, kom det og ei ny ordning med forbøn for borgarlege inngåtte ekteskap.

Hugs å betala kontingenten!

I 1987 var det 879 som betalte inn kontingenten for Kyrkjelydsbladet.

Det var 29 fleire enn året før. I tillegg fekk bladet kr. 17.370 i gåver. Rekneskapet viser eit driftunderskot på ca. 5000 i året som gjekk i tillegg til at det vart gjeve ut eit nummer mindre.

Vi treng difor god innbetaling av kontingent/gåver for å kunna gje ut bladet slik vi no gjer. I kvart nummer står bank/postgirokonti for innbetalingane.

KYRKJELYSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11. 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsfører: Bjørg Hellesø.

Bladpengar: kr. 30,-. adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebbensv.39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

 a.s. Darepta

5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

Kranser Bårebuketter

Espelend Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV - Elektrisk - Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,
og det De kjøper her
kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Arnatveit - telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

FOKUS Bank

Banken i Arna - for Arnafolk,
der alle kundar, store og små,
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK
avd. Arna

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes.

Transport med egen bil.

Annonser, sanger, sløyfer.

Monumenter besørger oppsatt.

DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for

Bil - Båt og
varetransport



NOROL

ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J.B. Myklestad.

Velkommen til kyrkje

- Mars. 13.** 4. søndag i faste. *Tekst: 1. Kor. 10. 1-6.*
Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE v/sokneprest Øy. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding.
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Ytre Arna kyrkjekor. Kyrkjekaffi. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Mars. 20.** Maria bodskapsdag. *Tekst: Luk. 1.46-55*
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00: Borna sin misjonsdag. Nattverd. Takkoffer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.
- Mars. 27.** Palmesøndag. *Tekst: Joh. 12. 12-24.*
Arna kl. 11.00: Døveprest Asgeir Straume. Takkoffer til Bibelselskapet.
- Mars 31.** Skirtorsdag. *Tekst: Joh. 13. 1-15.*
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.
Trenge Reid kl. 18.00: Sokneprest Øy. Nattverd.
- April 01.** Langfredag. *Tekst: Joh. 18.1-19.*
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Pasjonsgudsteneste.
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Pasjonsgudsteneste.
- April 03.** 1. Påskedag. *Tekst: Joh. 20.1-10.*
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Trenge Reid kl. 18.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- April 04.** 2. Påskedag. *Tekst: Joh. 20. 11-14.*
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
- April 10.** 1. søndag etter påske. *Tekst: 1. Kor. 15. 12-21.*
Arna kl. 11.00: Misjonsprest Tor Dag Kjosavik. Barnas Misjonsdag. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø og Ernst Nilsen. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.
- April 17.** 2. søndag etter påske. *Tekst: Joh. 21. 15-19.*
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Dronning Mauds Minne. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19.00: Sokneprest Øy og kateket Rodal. Samtalegudsteneste.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.
- April 24.** 3. søndag etter påske. *Tekst: Joh. 14. 1-11.*
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til Bergens diakonissehem. Sundagsskule.
Arna kl. 19.00: Sokneprest Øy og kateket Haugsvær. Samtalegudsteneste.
Trenge Reid kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø og kateket Rodal. KONFIRMASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 19.00. Res.kap. Sundsbø og kateket Rodal. Samtalegudsteneste.
- Mai 01.** 4. søndag etter påske. *Tekst Joh. 15. 10-17.*
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 10.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.